

RUTLIN

Somaren 1998 vart det gjennomført arkeologiske utgravingar på Rutlin. Dette vart utført i samband med reguleringsplan for utbygging av Indre Sogn psykiatrisenter. Utgravingane synta at her hadde vore eit område med omfattande forhistorisk busetnad. Dei eldste funna på Rutlin ligg omlag 4000 år attende i tid. Her har vore busetnad i steinalder, bronsealder, jernalder, folkevandringstida, i middelalder og fram til notidas busetnad.

Av alle dei arkeologiske funna som er gjort er eit stort folkevandringshus, 50 meter langt og 6,5 meter breidt, som lag her for omlag 300-500 år e.Kr. Dette har vore ein imponerende bygning med solid reisverk. Huset har hatt golv, veggpanel, romoppdeling, dørar og benker.

I dette huset budde det mange. Ikkje berre gardbrukaren sjølv med sin familie, men også arbeidrar tilknytt garden. Huset var delt opp i bustadell og staldell, der dyra heldt til. Her har mest trulig vore dyrehald for mellom 15 og 20 større dyr.


Trea som står mellom bygningane her i tunet, er plassert der langhuset ein gong låg.

Rutlin har ei sentral plassering og har vore ein attraktiv gard. Garden har ei god og sjølvdrønert jord. Namnet har ei -vin ending som tyder beitemark eller slåttemark. Ein antek at Rutlin har vore ein av dei første busette gardane i Sogndal.

(sjå skisse – vedlegg 3 med forklaring – UIB)

Kjelder:

- UIB (arkeologisk institutt, Drinhoff, Søren) - De arkeologiske frgravningsundersøgelser på Rutlin gbnr. 22/4. (Sogndal, 1998).
- Sogndal bydebok, Rutlin gardsnr. 22 (2007)
- Sogndal / Fjærland sogelag, lokalhistorisk årsshefte (2003)




Presentasjon av Indre Sogn psykiatrisenter

Felles brukarutval måndag 20 sept. 21

Presentasjon vil vere innom

- Generelt om ISP/organisasjonskart
- Seksjon Døgn
- Ambulant team
- Seksjon Dag
- Alderspsykiatri
- TSB (rus)
- Jobbstøtte
- Tilbod i Vik fengsel
- Samarbeid med kommunane (generelt og pas.retta)



Organisasjonskart Indre Sogn psykiatrisenter

Fellesseksjon

Avd.sjef

Adm

Jobbspesialistane

Behandlarar sengepost

Ambulant team ca 3 årsverk

Seksjon Døgn,13 senger

seksjonsleiar

miljøpersonale ca 20 årsverk

aktivitør

Seksjon Dag,

Seksjonsleiar

Behandlarane ca 15 årsverk



Fjærlandsete

Seksjon Døgn (sengepost)

13 senger, inklusiv 1 brukarstyrt seng (eigne avtaler)

Snittbelegg ca 70 – 80% (nedadgåande trend siste år)

Om lag 100 inn/utskrivingar per år (truleg færre i år)

Kvifor nedgang: Spekulasjon men kanskje ein kombinasjon av styrka ambulant Jobbing og betre bustader med bemanning i kommunane.

Behandlarar: psykiater, psykologspesialist og lege

Tilbod: Samtalar og medikamentell oppfølging

Miljøterapeutisk arbeid i avdelinga

Aktivisering: Turdagar, Fast dag i Hodlekve (hest og andre dyr), kreative syslar, bading oa.



Ambulant (psykose)team

Ca 3 årsverk (pluss ca halv overlege frå sengepost)

Ca 35 – 40 kronisk sjuke pasientar

Sengeposten sin forlenga arm ut i kommunane

Intensjon (mine ord):

«Frå døgn til dag»

«Det er best for alle å bu heime i eigen bustad og i eigen kommune

Innlegging bør vere so sjelden som mogeleg og liggetida kortast mogeleg»

(denne intensjonen er målsetting i heile spesialisthelsetenesta)

Arbeidsmetodar:

Intensivert oppfølging av både pasient, pårørande og kommunane når pasientane er i ein dårleg fase.

Råd og rettleiing til kommunane (spesielt mot psykisk helseteama og dei bemanna bustadane)

Lukkast vi ?

Kvalitativt ja, men vi ser det ikkje kvantitativt enno

Suksessfaktorar: Tilstrekkeleg kvalifisert bemanning, stabile psykisk helseteam og ikkje minst bemanna bustader for dei dårlegaste pasientane i kommunane

Seksjon Dag (poliklinikken)

Ca 15 årsverk og ca 450 aktive pasientar til ein kvar tid

Tverrfagleg bemanna

Tilbod

Generell poliklinikk

TSB/rusteam

Oppfølging av pasientar, pårørande og kommunane i høve pasientar med rusproblem

LAR behandling

Polikliniske konsultasjonar

Behov for innlegging i institusjon (vi har to i eige fylke ruspost på Tronvik og Eid)

Alderspsykiatri

Psykiske problem hjå eldre både generelt men og som følgje av sjukdom, traumer atfersdsendring.

Oppfølging og testing av pasientar, pårørande og kommunalt personell.

Pasientflyt

Henvisning blir rettigheitsvurdert av spesialist
Fordelingsteamet fordeler nye pasientar til behandlar
Behandlar sender brev til pasient med , dato, tid og namn på beh
Alt dette skal skje innan ti dagar

Pasientbehandling i samsvar med pakkeforløpa sine tilrådingar

Pasient avsluttast med epikrise. Vi praktiserar to underskrifter (den eine spesialist)

Ca 450 aktive pas til ein kvar tid

Ca 8 – 10 nye henvisningar per veke
per behandlar

Ca 25 – 30 saker per behandlar

Ca – 3 – 4 nye pas per behandlar per månad

Medfører at ca like mange må avsluttast per månad

ca 12 - 14 konsultasjonar per veke



Utsikt frå Solleibotntind

Vik fengsel

Fengselet har 38 plassar og mange av dei innsatte har problem med sin psykiske helse.

ISP har i ca 20 år gjeve tilbod til senteret:

Psykiater, testing, rus, LAR og oppfølging av kommunalt helsepersonell i fengselet

Ruskonsulent, oppfølging av innsatte med rusproblem

Arbeidsform: møte med innsatte i fengselet, på ISP, telefon oa.

Planer framover

Nasjonale undersøkingar og rapportar viser at innsatte i fengsel ofte har store psykiske vanskar og at tilbodet dei mottar ikkje er i samsvar med behov

ISP har fått styrka sitt budsjett for å tilby meir stadlege psykolog tenester i fengselet, oppfølging ved hjelp av video oa. Dette kjem i tillegg til eksisterande tenester.

Jobbstøtte i Sogn (oppstart 2018)

To jobbspesialistar ei tilsett på NAV og ei på ISP

Begge sitter på ISP, men skal vere «mest på vegen»

«Individual placement and support (IPS)»

Individuell jobbstøtte for mennesker med alvorleg psykisk lidning eller rusavhengigheit der målet er løna arbeid



Individperspektiv

- 70 % av personar med alvorleg psykisk liding vil jobbe
 - Frounfelker, Wilkniss, Bond, Drake & Devitt, 2011; McQuilken et al, 2003; Mueser, Salyers & Mueser, 2001; Ramsay et al 2011
- Arbeid gir auka sjølvtilitt, håp, mindre kjedsomhet og einsemd, bidrar til relasjonar med andre, fysisk helse og energi
 - Salyers, Becker, Drake, Torrey & Wyzik, 2004
- Stabilt arbeid gjer at ein i høgare grad kan handtera angst, stress, depresjon, psykose og rusbruk
 - Strickler, Whitley, Becker & Drake, 2009

Samfunnsperspektiv

- Psykisk sjukdom kostar samfunnet i Norge 60-70 milliardar kr pr år
 - Forsking.no 2014
- Den klart største kostnaden knytt til psykisk sjukdom er tapt moglegheit til arbeid
 - 2/3 av totalkostnaden i Sverige og 59% i Sveits
 - Salize et al, 2009
- For personar som blir stabile arbeidstakarar synker kostnadane til behandling for psykisk sjukdom dramatisk
 - Bush, Drake, Xie, McHugo & Haslett, 2009

Resultat

- Mange oppnår målet om lønna arbeid
 - 69% mot 25% i kontrollgruppa
 - Drake, Bond og Becker, 2012
- Mange blir stabile arbeidstakarar
 - 52% etter 10 år
 - Salyers, 2004; Becker 2007



Samhandling med kommunane – litt av grunnlaget for vår eksistens som lokalt DPS

omtala i ulike nasjonale føringar, pakkeforløp oa.

Pasient, ISP, pårørende og kommune (individnivå)

Avhenger litt av pasienten si liding

Lettare lidingar, mindre behov for samhandling med kommunen (meir pårørende, arb.plass og ev NAV)

Rus, nettverksarbeid særst viktig

Alderspsykiatri, oppfølging av pårørende og rettleiing til tilsette oa

Ambulant (psykose) team

Store deler av arbeidet må ligge på kommunane elles bryt systemet sammen, vi dreiar meir av vårt arbeidd over på rådgjeving her. Samarbeidsmøter både ad-hoc og etter fast plan

Sengepost

Hovudsakleg ved inntak og før utskriving. Krav om samarbeid også undervegs, men kort liggetid kan gjere det vanskeleg i praksis. Video har gjort samhandlinga med kommunane lettare å gjennomføre.

Samarbeid på overordna nivå

Faste møter med psykisk helseteam i kommunane (ca 4 per år)

Deltakarar Psykisk helseteam og leiinga ved ISP (digitalt i 2021)

Agenda

Nytt frå ISP, kommunane, problemstillingar på overordna nivå,

Korleis samhandlinga fungerer – kva er bra – kva er mindre bra

Planlegging av felles kurs og vidareutdanningar

Dagskurs der også kommunane er med (ca 4 per år)

Vidareutdanningar er også kommunane deltek (planlegg oppstart av kognitiv terapi i 2021/22 – avhengig av nok påmelde)

Mangel i fora

Vi har med erfaringskonsulent frå Luster men manglar brukarrepresentant på møta



03-06-18 07:12 PM